



Gamle MF Bjørnefjord ved Børnes kai.

I ettermiddag kl. 14 søkte MF Bjørnefjord naudhamn ved Børnes-kaien. Den var då under slep frå Ulvik til Sagvåg. Grunnen til dette var at dei fekk tekniske problem då generatoren svikta. Dette skjedde då den gamle ferja var på vei til verkstad. Ferja er bygd i 1962 og er nesten identisk med søsterskipet MF Skånevik.



MF Bjørnefjord med eigaren Jahan Brigtsen.

Ferja har lege nokre år ved kai i Odda, men eigaren var lite tilfreds med framdrifta på restaureringsarbeidet. Eigaren gjekk ferja inn til Ulvik, og då gjekk ho for eigen maskin. I dag tidleg starta dei frå Ulvik kl.04.30, men då dei kom omtrent ut til Ålvik måtte dei ta ferja under slep pga tekniske problem. Ho skulle til Sagvåg og liggja der i påvente av at dokken i Dåfjorden vart operativ. Der skulle dei inspisera skroget under vasslina. Dette arbeidet skulle utførast med støtte frå riksantikvaren.

Grunnen til at dei gjekk inn til Børnes, var at dei fekk problem med manuvrering og framdrift. Derfor vart ferja lagt inn til Børnes i påvente av ny sterkare slepebåt.

Tekst og foto: Einar Gjertsen

Nett: Thor Inge Døssland